



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Til adresseliste

07 JUNI 2013

Vår dato:

Vår ref.: NVE 200906477-5 ki/baso

Arkiv: 312 / 042.24

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Ottesen

22 95 95 28

Miljateig Skålnes Kraft AS – Søknad om løyve til bygging av Miljateig Skålnes kraftverk i Etne kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Miljateig Skålnes Kraft AS (SUS), datert 21.07.2012, om løyve til bygging av Miljateig Skålnes kraftverk i Etne kommune.

Miljateig Skålnes Kraftverk AS vil utnytte fallet i Miljateigselva og Skålneselva. Kraftverket vil bli bygd med to hovudinntak, to rørgater og to turbinar. Det er planlagt eit inntak på kote 395 i Miljateigselva, der vassvegen vert grave ned heile vegen fram til kraftstasjonsplassering ved sjøen på kote 2,5. Det andre inntaket er planlagt på kote 440 i ei sidegrein til Miljateigselva. Skålneselva vert overført til Fjellbekken kring kote 680, og Fjellbekken vert ført over til inntaket på kote 440. Frå inntaket på kote 440 går vatnet i fullprofilbora tunnel til kote 195. Det vert felles nedgrave rørgatetrase for dei to vassvegane frå kote 195 og fram til kraftstasjonen ved sjøen. Nedbørfeltet til inntaket på kote 395 i Miljateigselva vert 1,91 km² med ei middelvassføring på 229 l/s. Totalt nedbørfelt for inntaket på kote 440 vert 4,7 km² og middelvassføring 610 l/s. Kraftverket er planlagt med to turbinar med installert effekt på 1250 kW for inntak kote 395, og 3800 kW for inntak kote 440. Maksimal slukeevne vert høvesvis 400 l/s og 1060 l/s. Årleg middelproduksjon er berekna til ca. 4,5 GWh og 14,5 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring ved hovudinntaka og overføringsinntaka. Det vil bli bygd veg fram til inntaket på kote 395 og mellombels veg fram til kote 440.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Miljateig Skålnes kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Dersom de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Egil Næsheim på tlf. 926 19 736 eller e-post: egilnaeshei@online.no.

NVE ber Etne kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Etne Tinghus og Åkrafjordtunet fram til **26.08.2013**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst


Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **26.08.2013**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Bård Ottesen
overingeniør

Vedlegg: 3 Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av Miljateig Skålnes kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova og energilova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Avisen Grannar og Haugesunds Avis

Tal på søknadar	Namn/adresse
4	Etne kommune, Postboks 54, 5591 Etne
	Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bersen
	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Ber en
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger
	Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201, 5811 Bergen
	NJFF Hordaland, Tverrgt. 4/6, 5017 Bergen
	Haugesund Turistforening, Postboks 432, 5501 Haugesund
	ENF Hordaland, v/ Bersen Turlag, Tverrst. 4/6, 5017 Bergen
	BKK NETT AS, Postboks 7050, 5020 Bergen
	Skånevik Ølen Kraftlag (SØK), 5593 Skånevik
	Etne Elektrisitetslag, Nyvoll, 5590 Etne
	TBM – Katarina Eftevand
	TBD – Oddvar Indrebø
	ER – Seming Skau

Kopi: Miljateig Skålnes Kraft AS v/Egil Næsheim, Markhus, 5590 Etne



ORIENTERING TIL HØYRINGSPARTANE (revidert februar 2013)

Generelt

NVE er konsesjonsstyresmakt i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW) og andre vassdragstiltak. Kongen i statsråd gir løyve til større kraftutbyggingar.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve etter vassressurslova § 8.

Handsaming av søknaden fram til endeleg vedtak

NVE handsamar dei fleste av søknadane i grupper, vanlegvis etter geografisk plassering. Dette effektiviserer sakshandsaminga samstundes som høyringspartane og NVE kan sjå søknadane i samanheng.

NVE sender søknadane på høyring til kommunar, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som søknadane vedkjem. Høyringsperioden er vanlegvis tre månader for søknadar som blir handsama gruppevis, og minst seks veker for enkelsaker. Ein eventuell søknad om utsett frist må vere grunngjeven. NVE ventar at høyringspartane gir fråsegn på sjølvstendig grunnlag. Vanlegvis blir det ikkje gitt løyve til søknad om utsett frist, dersom det kan forseinke sakshandsaminga.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring. Dei som har uttalt seg i samband med høringa, blir inviterte til å delta på synfaringa. I konsesjonsvurderinga veg NVE fordelar og ulemper mot kvarandre, jf. vassressurslova § 25. Olje- og energidepartementet har som overordna politisk styresmakt gitt retningslinjer for handsaming av små vasskraftverk. Desse er å finne på NVE sin nettstad: nve.no.

Dersom NVE gir løyve, blir det knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkår vil omfatte mellom anna vasslepp, naturforvaltning, kulturminne, frist for bygging og sanksjonar ved eventuelle brot på vilkåra.

Kva forventar NVE av høyringspartane?

NVE ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Fråsegner om energipolitikken til styresmaktene på eit generelt grunnlag, er av avgrensa nytte i sakshandsaminga.

Særleg der søknader blir handsama i grupper, ønskjer NVE synspunkt på den samla belastninga.

Dersom partane er kjend med tilhøve som det ikkje er opplyst om i tilstrekkeleg grad i søknaden, ønskjer NVE opplysningar om det.

Det blir forventa at kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og andre styresmakter gir fråsegn med utgangspunkt i sine høvesvise ansvarsområde. Kommunane blir spesielt bedne om å vurdere søknadane opp mot gjeldande arealplanstatus.

Fråsegnene, opplysningane i søknaden og retningslinjene frå Olje- og energidepartementet er viktige for vurderinga og vedtaket til NVE.

Rett til motsegn og klage

Ein treng ikkje handsama energianlegg etter plan- og bygningslova, og det er ikkje lenger krav om reguleringsplan. For å ta vare på meininga bak motsegnsinstituttet i plan- og bygningslova, er det gitt reglar i energi- og vassdragslovgjevinga om rett til motsegn og klage, jf. vassressurslova § 24. NVE vil understreke at ei eventuell motsegn må bli fremja i høyringsperioden. Sjå nettstaden vår for meir informasjon: nve.no/konsesjoner.

Partane kan klage på NVE sitt vedtak til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt dei mottok orientering om vedtak. NVE syner til kapittel VI i forvaltningslova om klage og omgjerding.

- KUNNGJERING -

Søknad om løyve til å byggje Miljateig Skålnes kraftverk i Etne kommune

Miljateig Skålnes Kraftverk AS søker om løyve etter vassressurslova til å byggje Miljateig Skålnes kraftverk i Miljateigselva og Skålneselva. Småkraftverket vil gi ein årleg kraftproduksjon på 19 GWh. Dette svarar til straumbruken til om lag 950 husstandar.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentlig ettersyn på Etne Tinghus og Åkrafjordtunet, og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Kontakt søkjar på tlf. 926 19 736 eller e-post: egilnaeshei@online.no om De ynskjer papirutgåve av søknaden. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **26.08.2013**.